# Kyrkjelydsblad for Arna

NR. 4 JUNI 2000 33.ÅRG.




**Frå friluftsgudstenesta i fangeleiren på Espeland 9. april, der prost Kjell Nese gjorde teneste.**



Pinse 2000
1. pinsedag Joh. 14,15-21

# Pinsefest i by´n

*I år skal det virkelig merkes at kirken feirer pinse. Fra «hele by´n og halve Sandviken». Hordaland, Sogn og Fjordane vil mennesker fra alle kirkesamfunn innta kulturbyen Bergen. Det står så i pinseprogrammet som den felleskyrkjelege nemnda for 2000 årsfeiringa har sendt ut. Vi gler oss. Det skal feirast. Det skal festast. Det er Kristusfest over alle skilleliner.*

Det store ved pinse er at det ikkje berre er feiring og fest av noko for så lenge-lenge sidan. Ein freistnad på å halda fast på noko som har hatt ein viss innverknad på generasjonar før oss. Pinsefeiring er ikkje ein freistnad på å blåse liv i sentimentale minne om det som ein gong var. Det er rett og slett feiring av det som er i dag. Pinse er at Kristus er lys levande blant oss. Vi samlast om han som er den oppstandne, nærværande i dag og i alle dagar vidare, og i all æve.

Å feire pinse i by´n er ikkje ein freistnad på å begeistre og engasjere på det reint menneskelege plan. Slikt går som kjent an med ymse verkemiddel, men det går fort over i møte med dagen og dagane derpå. Å feire pinse er å vere nær han som er nærværande og utfordrar oss til tru. Vi samlast om det som er vårt. Å lovsynge er å stadfeste hans nærvær i oss.

I 2000 år har han vore like nærværande. Den vesle flokken av redde læresveinar har fått mange etterfylgjarar. Kring heile jorda feirast pinse i jubel og fest. «Gi oss glød på tunge, til å tale sjunge, Herrens pris på jord», heiter det i pinsesalmen.

«Eg let dykk ikkje vera att som foreldrelause born», sa Jesus då han heldt sin avskilstale. Foreldrelause born er ei syrgjeleg sak. Ingen som kan ta seg av dei små og hjelpelause, gje dei omsorg, rettleiing og vern. Det kan ikkje bli anna enn elendigheit og liding i ei hard og vanskeleg verd. Slik er det ikkje for Jesu vener. Han lova det. «De ser meg. Eg lever og de skal leva.» Det er pinse. Ikkje vår prektigheit og makt, men at han er med. Kyrkjelyden i verda lova han å vera med. Så kan vi gle oss over at det er fleire kristne i verda enn nokon gong.

Vi gler oss til å lovsynge han saman i kulturbyen. Vi gler oss til å kjenne at han er nær når vi samlast på Torgalmenningen. Vi gler oss til å kjenna at han sameinar oss i Bergenshallen, forskjellige som vi er frå forskjellige kyrkjesamfunn. Han har vi felles. Det viktigaste har vi saman. I han er vi alle eitt. For ei glede å oppleva dette.

Pinsefest i By´n. Du vert med du og? God 2000 års pinse.

*Kjell Nese*



# «Gløym ikkje Etiopia!»



*Berte Marie Ulveseter er øvste leiar for Kirkens Nødhjelp (KN) sitt hjelpearbeid i Etiopia.*

Dette seier Berte Marie Ulveseter frå Skyggjestrand i ein samtale med Kyrkjelydsbladet. I tre år har ho budd i Addis Abeba og hatt det overordna ansvaret for det hjelpearbeidet som Kirkens Nødhjelp (KN) driv i Etiopia, eit arbeid ho administrerer for i alt 83 personar.
Etiopia er det største programlandet KN har, og er det landet som får mest midlar.
KN driv sitt arbeid i Etiopia saman med 2 hovudsamarbeidspartnarar, Den ortodokse kyrkja og Mekane Yesus-kyrkja.
Organisasjonen støttar i alt 30 langsiktige prosjekt og 5 nødhjelpsprosjekt.
Den største utfordringa i dag er den store tørkekatastrofen som rammar landet. I Sør-Etiopia har avlinga slått feil 5 gonger på rad. 90% av buskapen er stroken med. Folk manglar mat, og dei har selt alt dei åtte for å overleva, og er no heilt avhengige av hjelp utanfrå. KN har gått inn med hjelpearbeid i Borana, eit av dei hardast ramma områda, som er eit kjent område for norsk misjon.
I dette området, med ca. 2 mill. menneske, møter ein heilt andre problem enn dei me strir med i Noreg. Det er som ein er komen til ei heilt anna verd. Her er det kamp på liv og død. Det kan ikkje vera noko som er verre for foreldre enn å sjå at borna svelt til døde. Men det er eit lysglimt at hjelpa når fram til nokon. KN i samarbeid med Mekane Yesus-kyrkja set inn helsepersonell, og deler ut korn, grautpulver og BP5 (ein slags kjeks rikt på proteinar og tilsett vitaminar, laga på Søfteland i Os).
KN er likevel komen i ein fortvila situasjon, for dei har ikkje nok midlar til å halda fram med hjelpearbeidet. Det er som om Etiopia er gløymt. All oppmerksomhet er gått til land på Balkan. Berte Marie ber om støtte til KN sitt hjelpearbeid i Etiopia. Det skal ikkje mykje til for å brødfø ein familie. For 400 kroner kan det skaffast mat nok til 3 familiar, kvar på 5 medlemmer, i ein heil månad.
Nødhjelpsarbeid er nødvendig, men endå viktigare er det å få i gang eit meir langsiktig hjelpearbeid. Som eksempel viser Berte Marie til KN sitt vassprosjekt, som går ut på å hjelpa folk til å skaffa seg brunnar. Målet må vera ikkje berre å hjelpa folk til å overleva, men å gje dei eit nytt livsgrunnlag, gje dei tilgang på vatn og skaffa dei eit inntektsbringande arbeid.
Førre veka var Berte Marie i eit område på grensa til Somalia. Dei gamle kan fortelja at i dette området har det ikkje vore ein verre tørkeperiode på 200 år. Her bur folk i provisoriske leirar, i bladhytter. Dei har ingen ting. Borna er underernærte, epedemiar herjar. Vatn er i dette området sett på som ei velsigning. Men styrtregn, som dei ikkje har sett maken til på 80 år, har ført til at hytter, bruer og vegar er blitt raserte.
Mange har fått lungebetennelse, og det har vore vanskeleg å få inn mat.



*Ein av dei forkomne små som Kirkens Nødhjelp har fått ta hand om.*

# Våre ekte søsken

*Vi har en herlig søster
vi har en kjærlig bror, –
som er så MYE MERE
enn andre her på jord.*

*De kom til denne verden
det merkelige sted, –
med mere håndbagasje
enn vi er utstyrt med ...*

*Vi andre er'kje store
i gjerning – kun i ord.
Se til din bror og søster,
de setter ANDRE spor.*

*Det skremmer, det: Å VÆRE,
de våger, likevel, –
i sorgen, – som i gleden
: de bjüder på säg själv ...*

*De eier ikke ondskap,
du eier ikke dem, –
men i sin «åpne omsorg»
du favnes i en klem.*

*I TILLIT – tar de mot deg, –
de ønsker deg som venn ...
Guds engler ER på jorden
: bli bedre kjent med dem.*

**Lånt av: Inger Hagerup**



***To hjertevenner fra Klubben, Kine og Liv Kristi.***

Med ønske om mange flere frivillige, trivelige medarbeidere til Klubben for funksjonshemma, (Kyrkjelydsklubben) i Indre Arna –
ta gjerne kontakt med: Ingunn Irene Fosse,
tlf. 55 24 85 24.


DEN NORSKE SANTALMISJON · MOTTO: FRYKT IKKE, BARE TRO!

**Den norske Santalmisjon**
**Motto: Frykt ikke, bare tro!**

## SOL OG SOMMAR-LEIR?

**DNS arrangerer leir for deg mellom 9-12 år,
på SKJØRSAND LEIRSTAD i Fusa,
den 23.-26. juni.**

Fristar dette så meld deg på til:
Den Norske Santalmisjon
Region Bjørgvin, ØK 5, 5017 Bergen
tlf. 55 21 40 90. **Frist: 16.06.00.**




# Minne frå 8. mai 1945

AV OLINE PRESTTUN

Me som levde gjennom den 2. verdskrigen og hadde vårt daglege yrkje, gløymer aldri då freden kom. Det skynar vel ingen andre enn me som har opplevd det. Mang ein gong var eg i Ytre Arna kyrkje og høyrde presten Olav Hagesæther, far til noverande biskop Hagesæther i Bjørgvin.

Dei minne er ugløymande, dei skin som ljos i myrker. Den 8. mai 1945 rann så solblank og fin. Ein tanke hadde me. Til kyrkje [illegible]lde me. Klokkeklangen kjendes so ven. Inn i kyrkja strøymde folk.

Eg skreiv ned den helsing me fekk frå Hagesæther då. Det var frå Salme 66, vers 8 til og med vers 14. «De folk, lova vår Gud, og lat røysti av hans lovsong verta høyrd! Han som heldt vår sjel i liv, – og ikkje let vår fot vera ustød.

For du prøvde oss, Gud, du reinsa oss, som du reinsa sylv. Du førde oss inn i eit garn, du lagde ei tyngjande byrd på våre lender. Du let menneskje fara yver vårt hovud, me kom i ild og vatn – men du førde oss ut til uppkveikjing.

Eg vil ganga inn i ditt hus med brennoffer, eg vil gjeva deg det eg hev lova, det som gjekk yver mine lipper, og som munnen min tala ut då eg var i naud.»

Dette er ugløymande minne.



*Biskop Olav Hagesæther, til høgre på biletet, deltok på 50-årsfeiringa for freden i 1945 i Arna kyrkje.*

# Friluftsgudstjeneste i Espelandsleiren 9. april

Nærare 400 menneske var møtt fram til gudsteneste i Fangeleiren på Espeland 9. april.
I 1940 innleidde denne dagen eit mørkt kapittel i vår historie. Og i fangeleiren på Espeland fekk mange gode nordmenn kjenna på kroppen kva det førde med seg når dei ikkje ville innordna seg etter dei nye makthavarane.

Ein av dei som sat som fange i leiren, Lars Martin Høgh, var invitert som æresgjest på gudstenesta. Han tok ordet etter at gudstenesta var slutt og kunne fortelja at det aldri tidlegare var halde gudsteneste i leiren. Men han kunne forsikra dei frammøtte om at frå denne staden steig det opp mange bøner til Gud.



*Lars Martin Høgh.*


Skapte er vi te bera, og lette børene for kvarandre ...
Jan-Magnus Bruheim

**KIRKENS BYMISJON INVITERER TIL SELVHJELPSGRUPPER FOR ETTERLATTE ETTER SELVMORD**

Har du opplevd selvmord i nær familie eller omgangskrets og føler behov for noen å prate med – noen som har opplevd det samme?

Gruppene gjennomføres under faglig ledelse og rammen er ca. 10 samlinger i perioden august-februar. Vi har egne grupper for ungdom mellom 15 og 19 år.

**ÅPENT INFORMASJONSMØTE**
**på Haraldsplass Sykepleiehøgskole, «Stuene»**
**29. august kl. 19.00.**

For mer informasjon:
Ta kontakt med Kirkens Bymisjon i Bergen
• Liv Serina Dale, 55 31 71 68 (kl. 10-15)
• Bymisjonskontoret, 55 21 50 80

KIRKENS BYMISJON
BERGEN






AV TRYGVE JOHANSEN



# Åndelig lengsel i vår tid

Det er mange trøtte og slitne kristne mennesker i vår tid. Vi finner dem også her i vår menighet. Det viktigste for oss som er kristne, er imidlertid ikke det vi gjør eller har, men det som vi er. Det vi gjør for Gud er viktig, men det er enda viktigere det som Gud gjør for oss. Vi gjengir her følgende utdrag fra heftet «Kirken i møte med den åndelige lengsel i vår tid.»
«For at kirken skal kunne gi et svar på den åndelige lengsel i vår tid, må den forstå at dens primære kall ikke er et kall til en oppgave, men et kall til Gud. Det viktigste for kirken er ikke kvantiteten av dens aktiviteter, men kvaliteten av dens Gudsrelasjon.»
Vi har altså ikke vår kristne identitet i våre aktiviteter, men i Gud som elsker oss. Dette er det glade budskap til trøtte og slitne kristne i vår tid.

Mange mennesker lider i dag av religiøs afasi, religiøs språkløshet. Vi er ofte sjenerte for å sette ord på vår tro. Vi trenger derfor å lære oss et religiøst språk igjen, som vi kan bruke når vi møter søkende mennesker. Vi må lære oss å snakke om våre åndelige erfaringer. På starten av et nytt årtusen er vi på vei inn i et nytt spennende og åpent landskap, der mennesker spør etter våre åndelige erfaringer. Søkende mennesker spør i dag ikke etter trossannheter, men etter våre erfaringer på troens vei. Misjonær Tore Laugerud uttaler følgende til avisen Vårt Land: «Som hjemvendt misjonær konstaterer jeg at Kirken i Norge er preget av en sterk kontrovers-tradisjon, og i liten grad har vært i stand til å etablere religionsmøter. Dersom vi hadde anvendt den samme type avvisende holdning til annen religiøsitet, og signalisert like sterk fordømmelse av annerledestroende ute som vi har gjort i vårt eget land, ville det ikke ha vokst fram mange kristne kirker rundt i verden. Har Kirken og vi som er dens medlemmer sendt ut så mange signaler som gjør at folk har definert seg utenfor, at de ikke lenger tenker på at de kan søke til kirken og den kristne troen for å finne svaret på sin åndelige lengsel?

Hver for oss er vi nødt til å gi et svar på dette spørsmål. Tiden krever at vi er åpne i vårt forhold til søkende mennesker. Når vi vet at Kristus er vårt forankringspunkt i livet, så skal vi med stor frimodighet få komme andre i møte i all vår skrøpelighet. På den måten kan vi bli i stand til å lede nye mennesker inn til Kristus, han som er sentrum i vår tro.

Det er først og fremst gjennom nære vennskap vi kan snakke om den åndelige lengselen i vår tid. I dag trenger folk noen som er medvandrere, noen som går veien sammen med dem og kan snakke med dem. Nærhet og vennskap er nødvendig for å få god kontakt med nye søkende mennesker. Det kan bety at vi må ta bort noen av våre aktiviteter for at vi skal få tid og overskudd til å bli medvandrere. En god medvandrer kjennetegnes ved at han tar andre mennesker på alvor. Han bruker av sin tid for å vandre sammen med dem som er søkende. Også vi trenger medvandrere i vår menighet. Er det denne oppgave som ligger og venter på deg? I dag blir du utfordret til å tenke over dette spørsmålet.

# Pinsefest i by´n

I år skal det virkelig merkes i Bergen at kirken feirer pinse. Fra «hele by´n og halve Sandviken», Hordaland, Sogn og Fjordane vil mennesker fra alle kirkesamfunn innta kulturbyen Bergen. Lørdagen – pinseaften – vil det om formiddagen myldre av aktiviteter i Bergen sentrum.
Pinseaften om kvelden er det stor ungdomskonsert i Bergenshallen og 1. pinsedag blir Bergenshallen arena for en stor lovsangsfest på tvers av alle menighetsgrenser. Alle kirkesamfunn står sammen om dette.

## PROGRAM:

### PINSEAFTEN FORMIDDAG

**Jesusmarsj –** start fra Torgalmenningen kl. 11.45.

**Gategudstjenester –** på Torgalmenningen hver time fra kl. 13.00 i 24 timer.

**Kirkens fødselsdag –** Kakefest på Torgalmenningen fra kl. 14.00 så lenge det er kaker (... også gode kaker fra ARNA).

**Barnemusical –** «Historien om Jesus» vises i «Betlehem» på Vestre Muralmenning kl. 16.00-18.00.

**Småscener –** Ta med koret, dramagruppen, soliststemmen, formingsgruppen til en av de små scener på Torgalmenningen, Vågsalmenningen og Tinghusplassen fra kl. 14.00-16.00.

**Åpne kirker –** Flere av kirkene i bykjernen holder åpent fra kl. 14.00 og utover kvelden.

### PINSEAFTEN KVELD

**Ungdomskonsert –** kl. 21.00 til over midnatt i Bergenshallen. *Medvirkende:* StereoFish, Shine og Umbrella, Trond Olsen med band, Melding hjem og flere.

**Milleniumscup i fotball –** cup og mange aktiviteter på området utenfor Bergenshallen.

### PINSEDAG

Lovsangsfest kl. 18.00 i Bergenshallen. *Medvirkende:* Sigvart Dagsland med egen symfonigruppe, Rhoda Gravem, Kirkesangforbundet, Messingblåsere fra Frelsesarmeen, Kings Kids, lovsangkor, husband og barnegospelkor.
Billetter kr. 50. Familier kr. 150.
To timer før lovsangsfesten blir det aktiviteter og salg av mat og forfriskninger.

Mange fra Arna vil komme ...
**Inviter noen med deg og kom du også!**

*Arr.: Jubileum 2000, REGIONALKOMITEEN for Hordaland, Sogn og Fjordane*



Vel møtt til:

# Mellomalderdag på Hamre

**Eit 2000 års-arrangement for Osterøy, Eidsvåg, Åsane, Salhus, Nordhordland og Arna**

**2. PINSEDAG, 12. JUNI 2000**

**DAGSPROGRAM:**

**10.00** **Opning på utescena.**
**Ordførar, sokneràdsleiar, representant for kulturdagane 2000, Hamre/Hjellvik musikklag.**
Roarane som har rodd rundt Osterøy kjem i land. Følgje kjem langs den gamle kyrkjevegen til Valestrand.

**.00:** **Høgmesse i kyrkja.**
Utehøgtalarar om kyrkja vert full.

**12.15:** **Diverse aktivitetar på utescena og i området.**
Opning av utstillingslokala på Hamre skule og i prestehuset, matsalet opnar, mellomalderstemning på plassen m. opptrinn, omvisning i kyrkja, Osterøy Spel & dansarlag har innslag, m.m.

**13.00:** **Tidebøn i kyrkja.**

**13.20:** **Utsending frå den katolske kyrkja; Bernardus de Ortolis kjem sjøvegen, og vert teken imot.**

**13.30:** **Prosesjonsoppstilling: Heilage kar og gjenstandar vert bore først. Så kjem alle dei geistlege. Så kjem musikklaget. Nokre vert køyrde i hestevogner. Så alt folket – med faner og flagg.**

**14.00:** **Felleskyrkjeleg friluftsgudsteneste på Klokkarneset.**

**15.00:** **Prosesjon tilbake mot kyrkjeplassen.**

**15.30:** **Diverse aktivitetar fortset ...**

**16.00:** **Katolsk vesper i kyrkja.**

**17.00:** **Mellomalderkonsert i kyrkja med Calenda Maya.**
(Billettpris kr. 100,- for vaksne og kr. 50,- for born.)

**18.00:** **Vi pakkar saman, og takkar for ein fin dag ...**

**Pendelbåtsamband mellom Hamre, Knarvik og Steinestø frå kl. 10.00 til kl. 18.30.**
**Pris kr. 75,- tur/retur for vaksne.**
**...tt for dei under 15 år.**



Rutetabell:

| Frå Steinestø: | Frå Hamre: |
|---|---|
| 10.30 | 15.30 |
| 1.40 | 16.40 |
| 13.20 | 17.50 |
| | 18.30 |

**M/S Bruvik frå Bergen kl. 09.00, Frekhaug kl. 09.30, Salhus kl. 09.50 og til Hamre kl. 10.15.**

**«Deltakaravgift» på Hamre kr. 25,- for vaksne.**

# TAKVAM KAPELL Sommaren 2000

**Søndag 18. juni**
kl. 16.00 Gudsteneste v/Kjell Nese.
Solosong.
Takkoffer til arbeidet i kapellet.
Kyrkjekaffi.
Reidar Vassenden viser lysbilete frå norsk natur og frå Reinli stavkyrkje og Undredal kyrkje.

**Laurdag 29. juli**
kl. 18.00 Olsokgudsteneste v/K. Nese.
Takkoffer til Sunniva Hospice.
Etter gudstenesta brenner vi Olsokbål i fjøra.
Ta med pølse, brus og kaffimat.
«Kaffilars er på staden.»

**Søndag 20. august**
kl. 16.00 TAKVAMSTEMNE
Gudsteneste v/sokneprestane J. Melve og K. Nese.
Takkoffer til arbeidet i kapellet.
Kyrkjekaffi.
«Samkvem over fjorden før og no» (opptak på kassett).

**Laurdag 2. sept.**
kl. 10.00 Busstur til TELAVÅG. Vi startar på Takvam snuplass.
Andakt i Kausland kyrkje v/Kjell Nese.
Turen kostar ca. 150 kr.
Nærare orientering og påmelding til Haldor Romslo tlf. 55 24 90 83 eller Klara Ulveseter tlf. 55 24 09 65 før 20. aug.

Du er HJARTELEG VELKOMEN
til dei ymse tilskipingane!

***Nemnda for Takvam kapell***

## *Dei tilsette i kyrkjelydane*

***Sokneprest Kjell Nese***
**Prestegarden, 5260 Indre Arna**
**Tlf. 55 24 02 72**

***Kap. Trygve Johansen***
**Gamlev. 8, 5265 Ytre Arna**
**Tlf. 55 24 75 53**

***Organist Arna***
**Christopher David Briggs**
**Pb 161 Indre Arna**
**5888 Bergen**
**Tlf. 55 24 40 55**

***Kontorfullmektig Arna***
**Ella Kaaresen**
**Hølbekken 125, 5262 Arnatveit**
**Tlf. 55 24 02 41**

***Kateket Erik Rodal***
**Stuajordet 31, 5262 Arnatveit**
**Tlf. 55 24 00 41**

***Kyrkjetenar Arna***
**Jarle A. Sandvik**
**Tlf. 55 24 04 00**

***Organist Ytre Arna***
**Siri Brunvoll**
**Vågsbotn, 5131 Nyborg**
**Tlf. 55 18 45 29**

***Kontorfullmektig Ytre Arna***
**Benthe Vevle Birkeland**
**Nordstrandv. 27, 5265 Ytre Arna**
**Tlf. 55 24 73 92**

***Kyrkjetenar Ytre Arna***
**Sylvi Sæle**
**Skulev. 8, 5265 Ytre Arna**
**Tlf. 55 24 88 93**

***Adm.leiar***
**Marit Skjeldal**
**Verkane, 5286 Haus**
**Tlf. 56 39 00 51**

**KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA**
**Utgjevar:** Sokneråda i Arna, Postboks 64, Indre Arna, 5888 BERGEN
**Redaktør:** Magne Mestad.
**Redaksjonsnemnd:** Klara Ulveseter, Asle Reigstad og Magne Mestad.
**Bladpengar:** Kr. 50,-. Adr.: Kyrkjelydsblad for Arna, 5260 Indre Arna.
Postgironr.: 0805 31 04445.
Trykt i Grafisk Forum A/S, Kokstadflaten 40, Boks 46 Kokstad,5863 Bergen



# *Frå Bedehusland*

## Betania, Lone

**Juni**
Man. 12. **2. Pinsedag.** 2000-årsmarkering i Hamre kyrkje.
Friluftsgudsteneste kl. 14.00.
Avreise frå Arna kl. 12.00.
Søn. 18. Familiemøte. Santalmisjonen.
Fre. 23. Jonsokfeiring i Osen.
Søn. 25. Møte NLM.

**Juli**
Søn. 02. Møte BUF.
Søn. 30. Møte HIM.

**August**
Søn. 06. Møte NLM.
Søn. 13. Møte BUF.
Tor. 17. Nattverdmøte.
Søn. 20. Møte HIM.
Søn. 27. Møte NLM.

## Arna Bedehus

**Juni**
Fre. 23.-søn. 25. Bedehusfestival Bibelskulen Bildøy.
Fre. 30. Felles bønesamling Arna kyrkje kl. 18.00.

**Juli**
Fre. 28. Felles bønesamling Trengereid bedehus kl. 18.00.



# SOMMERLEIR 2000 SÆTERVIKA

| TYPE | DATO | ALDER | PRIS |
|---|---|---|---|
| **1. Ferieleir** | **26.-30. juni** | **9-12 år** | **kr. 560,-** |
| **2. Leir** | **30. juni-3. juli** | **8-10 år** | **kr. 420,-** |
| **3. Leir** | **3.-6. juli** | **10-12 år** | **kr. 440,-** |
| **4. Aktivitetsleir** | **31. juli-4. august** | **12-14 år** | **kr. 645,-** |
| **5. Generasjonsleir** | **4.-7. august** | | **kr. 280/550,-** |
| **6. Ferieleir** | **7.-11. august** | **10-14 år** | **kr. 575,-** |
| **7. Leir** | **11.-13. august** | **7-10 år** | **kr. 315,-** |

KANO - BÅT - BADELIV - TARZANLØYPE - TRAMPOLINE - SLENGTAU - NATURSTI - BALLSPEL - SPEL - LEIKAR

SÆTERVIKA UNGDOMSSENTER LIGG FINT TIL VED SAMNANGERFJORDEN.
KVAR DAG PÅ LEIR FÅR VI HØYRA OM JESUS OG MISJONSARBEIDET.

**Påmelding/nærare opplysningar:**
Norsk Luthersk Misjonssamband
Østre Muralm. 18, 5012 Bergen
Tlf. 55 32 12 52
Fax: 55 32 15 34
E-post: mibergen@online.no



# NYTT FRÅ KYRKJELYDANE



## Døypte:

**Arna sokn:**
12.03.: Susann Birkeland Sivertsen, Victoria og Rebecca Yndestad.
26.03.: Knut Henrik Gjøsæter Legård, døypt i Røldal kyrkje.
02.04.: Mina Totland Aase, Karine Eriksen Halleraker, Pernille Nesøy Karlsen, Cassandra Rolland Hjelle, Frank Roger Heimdal, døypt i Samnanger kyrkje.
16.04.: Linn Therese Møn Borge, Ina Moldekleiv Heimnes.
23.04.: Sindre Sandal Sør-Reime, døypt i Vangskyrkja, Voss.
30.04.: Hedda Helene Lid Vatna, Synnøve Opedal, Marie Svanevik, Andreas Mæland, Morten Ness, Malin Helen Vågenes.
21.05.: Synne Davidsen Raa, Eirik Mikael Larsen Jellestad.

**Ytre Arna sokn:**
26.03.: Olav Eriksen Brandsdal.
21.05.: Nicolai Atterås Osland.

## Vigde:

**Arna sokn:**
22.03.: Juan Luis Solis Diaz og Irmelin Vågen.
15.04.: Morten Aalen og Tone Nesse.
18.04.: Harald Back og Siv Trude Skaar.
13.05.: Jarle Rolland og Gerd-Elin Fjeldstad.
20.05.: Helge Mæland Nielsen og Linn Jensen.

**Ytre Arna sokn:**
06.05.: Kari Kvamstø og Johnny Arnt Iversen.

## Døde:

**Arna sokn:**
12.03.: Karl Johannes Arnetvedt, f. 1932
19.03.: Linda Olsnes, f. 1974
25.03.: Hildur Alida Langhelle, f. 1930
30.03.: Ole Bertin Nesset, f. 1916
06.04.: Nils Johan Romslo, f. 1922
10.04.: Kåre Magnus Brekke, f. 1917
08.05.: Tormod Solhaug, f. 1940
08.05.: Oline Henriksen, f. 1902

**Ytre Arna sokn:**
30.03.: Hilmar Bakke
01.04.: Arthur Gravdal
12.04.: Trond Nordvik
19.04.: Hildur Halland
21.04.: Marta Johanna Vangsnes
11.05.: Olav Pettersen

## Ofringar:

**Arna sokn:**
26.03.: Barne- og ungd.prosj. ....... kr. 3.437,-
02.04.: Kyrkjelydsarbeidet .......... kr. 4.278,-
09.04.: Skuleungdomslaget ........ kr. 3.832,-
16.04.: Alternativ til abort i Norge .......................... kr. 5.043,-
20.04.: Nordhordl. Indremisj. .... kr. 3.561,-
23.04.: Norsk kirke i utlandet...... kr. 5.949,-
30.04.: Bjørgvin bispedømeråd .. kr. 2.499,-
07.05.: Kyrkjelydsarbeidet .......... kr. 3.331,-
Kyrkjelydsarbeidet .......... kr. 3.906,-
14.05.: Kyrkjelydsarbeidet .......... kr. 4.173,-
17.05.: Arna Søndagsskulelag .... kr. 2.642,-
21.05.: Kristenrussen sitt misjonsprosjekt ............. kr.3.326,-

**Ytre Arna sokn:**
26.03.: Barne- og ungdomskoret kr. 2.970,-
02.04.: Bibelskolen på Bildøy .... kr. 1.792,-
09.04.: Ungdomskoret i kyrkja .... kr. 2.291,-
20.04.: Kyrkjelydshuset .............. kr. 810,-
23.04.: Kirkens bymisjon ............ kr. 2.086,-
30.04.: Kyrkjelydsarbeidet .......... kr. 3.402,-
01.05.: Kristent arb. forb. ............ kr. 935,-
07.05.: Kyrkjelydsarbeidet .......... kr. 1.851,-
17.05.: Norges kr. Student og ung.arb....................... kr. 1.411,-
21.05.: Bjørgvin Bisped.råd ........ kr. 1.037,-

### Neste nr. av Kyrkjelydsbladet

Kyrkjelydsbladet nr. 5 år 2000 kjem etter planen ut **6. september.**
Stoff til dette bladet kan leverast til kyrkjekontoret **innan 22. august.**





## HAUKELAND/UNNELAND

**11. juni - 1. Pinsedag**
Ingrid Hope ....................... tlf. 55 24 08 08
**18. juni**
Jens Hauge ....................... tlf. 55 24 01 43
**25. juni**
Åshild Mæstad ................. tlf. 55 24 00 42
**2. juli**
Odmund Skjoldal ............. tlf. 55 24 28 76
**9. og 16. juli (fellesferie) ikkje skyss**
**23. juli**
Sverre Myklebust............... tlf. 55 24 29 05
**30. juli** ........................... Ingrid Hope
**6. august** ....................... Jens Hauge
**13. august** ..................... Åshild Mæstad
**20. august** ..................... Odmund Skjoldal
**27. august** ..................... Sverre Myklebust
**3. sept.** .......................... Ingrid Hope

## ARNATVEIT/INDRE ARNA

**11. juni – 1. Pinsedag**
Odd Kjos ........................... tlf. 55 24 17 82
**18. juni**
Gunnar Kaaresen............... tlf. 55 24 02 41
**25. juni**
Jostein Monstad ................ tlf. 55 24 32 20
**2. juli**
Arne Håøy.......................... tlf. 55 24 03 26
**9. og 16. juli (fellesferie) ikkje skyss**
**23. juli** ........................... Odd Kjos
**30. juli** ........................... Gunnar Kaaresen
**6. august**
Per Eide ............................. tlf. 55 24 15 15
**13. august** ....................... Jostein Monstad
**20. august** ....................... Arne Håøy
**27. august** ....................... Odd Kjos
**3. sept.** .......................... Gunnar Kaaresen

## TUNES/GARNES

**11. juni – 1. Pinsedag**
Leidulf Almenning.............. tlf. 55 24 25 52
**18. juni**
Kari Claussen ................... tlf. 55 24 12 20
**25. juni**
Per Vie .............................. tlf. 55 24 07 26
**2. juli**
Malvin Klementsen ........... tlf. 55 24 29 56
**9. og 16. juli (fellesferie) ikkje skyss**
**23. juli**
Ragnar Aabrekk................. tlf. 55 24 25 27
**30. juli** ......................... Leidulf Almenning
**6. august** ..................... Kari Claussen
**13. august** ................... Per Vie
**20. august** ................... Malvin Klementsen
**27. august** ................... Ragnar Aabrekk
**3. sept.** ........................ Leidulf Almenning

## Ferie for prestane

**Sokneprest Kjell Nese** har ferie 3.-16. juli og 7.-20. august
**Kapellan Trygve Johansen** har ferie 26. juni - 2. juli og 17. juli - 6. august.

## Konfirmantinnskriving for konfirmantåret 2000/2001

Konfirmantinnskrivingen finner sted i Arna kyrkjelydshus til disse tidene:

**Konfirmanter fra Arnatveit/Lone/ Haukeland og Unneland: Onsdag 14. juni.**

**Konfirmanter Garnes/Indre Arna/Tunes og Trengereid: Torsdag 15. juni.**

Alle dager: Jenter møter kl. 17.00 og gutter kl. 18.00.
De som ikke er døpt i Arna må ta med seg dåpsattest. Ta ellers med skrivesaker til å fylle ut innskrivningsskjemaet med.

**ARNA PRESTEGJELD**
**Arna Kyrkjekontor, Borgstova, Indre Arna:** Tlf. 55 24 04 00 og 55 24 02 15.
**Kontortid:** Mandag - fredag kl. 09.00-14.00.

**Kyrkjekontoret i Ytre Arna, Kyrkjelydshuset, P. Jebsensv. 39:** Tlf. 55 24 85 46.
**Kontortid:** Opningstida er noko variabel for tida. Dersom du ikkje får svar, ber vi om at du tek kontakt med Arna Kyrkjekontor.
**Kyrkjegardane i Arna:** Tlf. 55 24 05 69. Kontortid: Månd.-fred. kl. 10.00-11.00.

ARNA GRAVFERDSBYRÅ
Espeland

BEGRAVELSESBYRÅENES FORENING

Kåre Bj. Hope
Tlf. 55 24 08 08 – Mobiltlf. 945 01504

*Står til teneste med alt ved dødsfall*

SAMDALS BYRÅ
JONSVOLLSGATEN 1

55 90 19 80 hele døgnet
*Kommer også hjem for samtale.*
J. Teigland – M. Hamre

as Sarepta Blomster
Tlf. 55 24 25 95 ØYRANE TORG 5260 INDRE ARNA

*Vi utfører alle oppdrag innen blomsterdekoratørfaget*

**Solstrands** BEGRAVELSESBYRÅ
HERMAN FOSSGT. 11, 5007 BERGEN

Våre representanter i *Arna*
Helge Spilde tlf.: 55 24 38 92 og
Willy Soltvedt tlf.: 55 24 76 23

BEGRAVELSESBYRÅENES FORENING

DØGNVAKT
55 32 55 50

*Vi kommer hjem for samtale og gir gjerne forhåndspris*



FØRERKORT KL. B
– Fornøyde kunder
– Trygge sjåfører
Tlf. 55 24 00 83/93 06 96 00

AKTIV TRAFIKK OPPLÆRING

ERIK STEPHANSEN TRAFIKKSKOLE

HVORDAN HAR DU DET
*egentlig?*
Kirkens SOS 815 33 300
ET MENNESKE Å SNAKKE MED NÅR LIVET ER SOM VERST

*Frøydis* SALONGEN
Vestlivegen 75, 5234 Garnes
Tlf.: 55 39 01 40
Stedet for moderne og fagmessig hårdesign
Dame • Herre • Brudepynting
Fagkunnskap gir trygghet
10 % for pensjonister alle dager.

**Spesialforretning i blomster**
Dekorasjonsbinderi, buketter og kranser.
Pynting av kirke,
konsert- og forsamlingslokaler.
**Espeland Gartneri**
5267 ESPELAND TLF. 55 24 08 09
ARTHUR HOPE

Din lokale storbank i Arna!
KREDITKASSEN
Filial Arna – tlf. 55 24 55 30

I MIN FORRETNING
finn De gåver til bryllup,
konfirmasjon og barnedåp.
Kleiveland A.S
*Ur og Gullsmed*
5260 Indre Arna – Telefon 55 24 04 96

Vi reparerer alle typer husholdningsapparat.
Monterer TV-antenner,
også TV 2.
**Litangen Husholdningsservice, Garnes**
**Telefon 55 24 02 87**

# *Velkomen til kyrkje*

**11.06.** *1. pinsedag – Johs. 14.15-21*
**Arna kl. 11.00.** Trygve Johansen. Nattverd. Offer til Menighetsfakultetet. Dåp.
**Ytre Arna kl. 11.00.** Kjell Nese. Nattverd. Kyrkjekoret deltek.
Offer til Nordhordland Indremisjon.

**12.06.** *2. pinsedag – Joh. 6.44-47*
Avreise fra Arna kl. 12.00. **TUR TIL HAMRE: FRILUFTSGUDSTENESTE KL. 14.00.**
Pinsefeiring år 2000.

**18.06.** *Treenighets sundag – Matt. 28.16-20*
**Arna kl. 11.00. ELDREDAG.** Kjell Nese. Nattverd. Offer til Norsk Samemisjon.
**Ytre Arna kl. 11.00.** Trygve Johansen. Offer til Norges KFUK-KFUM.
**Takvam kl. 16.00.** Dei over 60 er spesielt innbedne. Kjell Nese. Kyrkjekaffi.

**25.06.** *2. s.e. pinse – 1. Tim. 6.6-12*
**Arna kl. 11.00.** Trygve Johansen. Dåp. Offer til barne- og ungd.prosj.
**Ytre Arna kl. 11.00.** Kjell Nese. Nattverd. Offer til Kyrkjelydsarbeidet.

**02.07.** *3.s.e. pinse – Luk. 19.1-10*
**Arna kl. 11.00.** Kjell Nese. Nattverd.
**Ytre Arna kl. 11.00.** Per Arne Mehren. Offer til Norges Samemisjon.

**09.07.** *4.s.e. pinse – Luk. 15.11-32*
**Arna kl. 11.00.** Trygve Johansen. Dåp. Takkoffer.
**Trengereid kl. 11.00.** Per Gunnar Mehren. Nattverd.

**16.07.** *5.s.e. pinse – Joh. 8.2-11*
**Arna kl. 11.00.** Trygve Johansen. Nattverd. Takkoffer.
**Ytre Arna kl. 11.00.** Gudsteneste. Offer til SBD, Sjelesorgsenteret på Haraldsplass.

**23.07.** *6.s.e. pinse – 1. Kong. 19.1-9*
**Arna kl. 11.00.** Kjell Nese. Dåp. Takkoffer.

**29.07.** **Takvam kl. 18.00.** OLSOKGUDSTENESTE. Kjell Nese. Takkoffer til Sunniva Hospice.
Kyrkjekaffi.

**30.07.** *7. s.e. pinse – Matt. 16.24-27*
**Arna kl. 11.00.** Kjell Nese. Nattverd.
**Ytre Arna kl. 11.00.** Gudsteneste. Nattverd. Offer til orgelfond.

**06.08.** *8. s.e. pinse – Matt. 10.28-31*
**Arna kl. 11.00.** Kjell Nese. Dåp. Takkoffer.

**13.08.** *9.s.e. pinse*
**Arna kl. 11.00.** Vikarprest. Dåp. Takkoffer.
**Ytre Arna kl. 11.00.** Trygve Johansen. Takkoffer til Arna & Åsane prostiråd.

**20.08.** *10.s.e. pinse*
**Arna kl. 11.00.** Gudsteneste. Nattverd.
**Ytre Arna kl. 11.00.** Gudsteneste. Nattverd. Takkoffer til Kyrkjelydshuset.
**Takvam kl. 16.00. TAKVAMSTEMNE.** Kjell Nese og Johannes Melve. Kyrkjekaffi.

**27.08.** *11.s.e. pinse*
**Arna kl. 11.00.** Trygve Johansen. Presentasjon av konfirmantane. Takkoffer.
**Trengereid kl. 11.00.** Kjell Nese. Nattverd.

**03.09.** *12.s.e. pinse – 2. Sam. 12,1.9,13*
**Arna kl. 11.00.** Kjell Nese og Erik Rodal. Presentasjon av konfirmantane. Dåp.
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
**Ytre Arna kl. 11.00.** Trygve Johansen. Presentasjon av konfirmantane. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

**10.09.** *13.s.e. pinse – Matt. 12.33-37*
**Arna kl. 11.00.** Kjell Nese. Nattverd. Takkoffer.
**Trengereid kl. 11.00.** FAMILIEGUDSTENESTE. SØNDAGSSKULENS DAG.
Trygve Johansen.Presentasjon av konfirmantar. Takkoffer til søndagsskulekretsen.
**Takvam kl. 16.00.** SØNDAGSSKULENS DAG. Takkoffer til søndagsskulen.

**17.09.** *14.s.e. pinse – Matt. 5.43-48*
**Arna kl. 11.00.** Kretssekr. Nils Arne Lavik. FAMILIEGUDSTENESTE.
SØNDAGSSKULENS DAG. Dåp. Takkoffer til Bergens Søndagsskolekrets.
**Ytre Arna kl. 11.00.** FAMILIEGUDSTENESTE. SØNDAGSSKULENS DAG. Kjell Nese.
Takkoffer til Bergen Søndagsskolekrets. 4-åringane er inviterte. Kyrkjekaffi.